

Notat

Dato: 04.09.2018
Arkivsak: 2018/11612-2
Saksbehandlar: torrutl

Til: Fellesnemnda-AU

Frå: Prosjektleiar

Innvilga organisasjonsnummer for Vestland fylkeskommune

Viser til vedtak i Fellesnemnda 22.6, der prosjektleiar fekk fullmakt til å søke om organisasjonsnummer til Vestland fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune må ha eit organisasjonsnummer for å kunne fungere som ein offentleg aktør. Eit slikt nummer identifiserer juridiske personar, og er nøkkelen til opplysningane som er lagra om dei i Brønnøysundregistra. Det spelar ei viktig rolle i for ei rekke funksjonar i ein fylkeskommune, som til dømes utbetaling av løn, rekneskap, budsjettering, rapportering og sak- og arkivsystem. Det er Statistisk Sentralbyrå (SSB) ved Virksomhets og foretaksregisteret (VoF) som tildeler organisasjonsnummer. Ved oppretting av nye kommunar og fylkeskommunar gjennom samanslåing, vert det i rettleiinga frå SSB tilrådd at den nye eininga vert oppretta med eit nytt organisasjonsnummer.

29. august 2018 melde SSB om at søknaden frå prosjektleiaren er innvilga. Det nye organisasjonsnummeret er 821311632.

For at det skal være enkelt å kunne skilje nye og gamle kommunar og fylkeskommunar i registra, er det bestemt at fylkeskommunen heiter *Nye Vestland fylkeskommune* frå registreringa og fram til 1. januar 2020. Namnet vil då bli endra til *Vestland fylkeskommune*.